



HARAM
KOMMUNE
RÅDMANNEN

Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep.
0030 OSLO

Vår ref.	Dykkar ref	Saksnr.	Arkivkode	Dato
006044/03/THA		00/00064	PRO Perm	26.08.2003

Melding om vedtak frå møtet i Fast utval for plansaker den 25.08.2003.

Saknr: **0037/03**
Sakstittel: **DELHØYRING NOU 2003:14 "BEDRE KOMMUNAL OG REGIONAL PLANLEGGING ETTER PLAN OG BYGNINGSLOVA" - UTTALE**

Fast utval for plansaker (formannskapet) i Haram kommune gjorde i møte 25.08.03 følgjande vedtak:

Vedtak samrøystes:

Det faste utvalet for plansaker støttar i hovudsak planlovutvalets lovforslag. Lovforslaget vil etter vår meining kunne bidra til ei kvalitativt betre planlegging.

Kommunen vil peike på at planlovutvalet har levert eit heilskapleg forslag der dei ulike delane må sjåast i samanheng. Det er derfor viktig at ikkje enkeltsaker vert trekt ut og behandla for seg utan at dette blir vurdert som ledd i eit heilskapleg system og ein felles prosess.

1: § 1-14 Innsigelse og mekling.

Vi støtter forslaget til lovtekst og meiner at paragrafen kan bidra til å stramme opp praksisen rundt innsigelser, og gi ei meir forutseieleg planlegging. Det er viktig å understreke at innsigelser bør vere unntaket.

2: § 1-15 Forholdet til forvaltningsloven og klage

Vi støttar forslaget til lovtekst, men vi vil peike på at det fort kan bli eit praktiseringsproblem når ein skal vurdere om det er same forhold som er påklaga tidlegare eller ikkje. Det bør gjerast ei klarare presisering i lova av kva forhold som kan påklagast, jfr. at det reelt er feil i saksprosessen som gir grunnlag for å ta klage til følgje, og ikkje kommunestyret sitt planvedtak.

3. § 1-8 Planbeskrivelse og planprogram

Vi støtter forslag om at alle planar skal ha ein planbeskrivelse. Det er forslagstillar som skal ha ansvaret for å utarbeide planbeskrivelsen som ein del av kva som må inngå i et komplett planmateriale. For private planforslag bør kommunen gis mulegheit til å utarbeide retningslinjer for kva planbeskrivelsen skal innehalde.

Vi støttar forslaget om å utarbeide planprogram. Eit planprogram vil medføre ein større arbeidsinnsats i oppstartfasen av eit planarbeid, og det vil generelt vere meir ressurskrevjande å gjennomføre planprosessar i oppstartfasen. Til gjengjeld vil planprosessen kunne gå smidigare i utføringsfasen.

Det er viktig at planprogrammets fokus skal vere retta mot prosess, og vere ein "plan for planprosessen". Planprogrammet må ikkje vere ein kortversjon av komande plan. Vi vil også understreke at der planprogrammet skal gjere greie for behovet for utgreiingar, må slike utgreiingar vere tilpassa planens omfang og vere beslutningsrelevante. Det er forventa at sektorstyresmaktene gjennom uttalar til planprogrammet klart tar stilling til utgreiingsbehovet, og ikkje skal kunne komme tilbake i ettertid med krav om ytterlegare utgreiingar. Vi vil peike på at det her ligg ein fare for at det kan bli stilt for omfattande krav frå sektorstyresmaktene for å sikre seg. Det bør derfor giast nærare retningslinjer her.

For områdeplaner (kommunedelplaner) og detaljplaner (reguleringsplaner) bør annonsering og høyring av planprogram kunne erstatte varsel om oppstart av planarbeid.

4. § 1-9 Konsekvensutredning av planer med vesentlige virkninger

Vi støttar forslaget om å innarbeide konsekvensutgreiingar i planbeskrivelsen og slik unngå dagens kompliserte parallellprosess med hhv behandling av KU og behandling av plan. Vi trur at lovendringa vil kunne rette opp erfaringar frå innføring av KU-systemet, med til dels rigide og unødvendig omfattande utgreiingskrav.

Men dersom konsekvensutgreiing vert obligatorisk for alle større planar, vil det medføre ein god del meirarbeid for kommunane. Ein må forvente at de fleste kommunedelplaner/ områdeplaner blir utarbeidd av kommunane sjølve, og dermed må kommunen ta kostnadane med utgreiingar. Det må klargjerast at det er kommunen sjølv som avgjer kva som er beslutningsrelevante konsekvensutgreiingar, også om det skal utgreiast alternativ og omfanget av slike. Dette er viktig for at kommunane ikkje skal kome i ein situasjon der dei samla krava frå sektorstyresmakter om utgreiingar og vurdering av alternativ gjer at kommunane ikkje har kapasitet eller økonomi til å utrede. Resultatet kan bli at ein vel å avstå frå å lage slike planar.

Lovendringa vil medføre behov for auka ressursar og kompetanse i kommunane for å kunne handtere og styre konsekvensutgreiingane.

5. Kap 17 Konsekvensutredning for sektorplaner samt tiltak etter andre lover

Når det gjelder konsekvensutredning av tiltak der plan- og bygningslova ikkje gjeld, vil dette vere relativt sjelden i vår kommune. Denne endringa gjeld i første rekke regionalt utarbeidd planar og statlege planar. Vi har derfor ingen merknader til dette kapittelet.

Skulle noko vere uklart, eller De ønskjer ytterlegare opplysningar, ta gjerne kontakt med underteikna hos Seksjon for strategi, utvikling- og prosjekt.

Med helsing


Turid Hanken
seksjonsansvarleg